

Inger Marie og Steinar Fyllingsnes

Fyllingsnesvegen 41

5913 EIKANGERVÅG

| LINDÅS KOMMUNE          |              |
|-------------------------|--------------|
| Klassering              |              |
| 21. 03. 2017            |              |
| Ark. saksnr.<br>16/1180 | Løpenr.      |
| Sakstr.                 | Tilgangskode |

Statens Vegvesen Region vest

v/Regionsjef Helge Eidsnes

Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Fyllingsnes.20.03.2017

### E39 – strekninga Vikane – Eikanger bru

Vi som bru i nærleiken av denne vegstrekninga , køyrer og går her kvar dag, føler oss svært utsatt og utrygge.

Svingen og krysset inn til Fyllingsnes er ei trafikkfelle. Kjem vi køyrande frå Eikanger , blir ståande i krysset og blinkar inn til Fyllingsnesvegen, risikerer vi å bli påkøyrd bakfrå.

Både eg og ein nabo har opplevd dette.

I svingen og krysset har vi registrert over 20 ulykker sidan 80 -talet.

På 90-talet vart krysset utbetra ein del. Det vart då lova at innan år 2000 skulle arbeidet takast opp att, blant anna ordne med gang- og sykkelsti og utkøyringsfelt.

Pengar som var tiltenkt denne strekninga vart då overført til andre prosjekt.

Underteikna eig området på begge sider av E39 . Vi må over vegen både med traktor og sauer.

Her vart vi på 90-talet lova bru. No må vi stå på E39 og stenge vegen på begge sider av krysset. Her må vi vere 3 - 4 personar for å utføre jobben.

To gonger har bilar køyrt inn i saueflokken når vi har prøvd å stoppe trafikken.

Busstoppet like ved vegen vart stengt hausten 2016.

Når vi no skal ta buss må vi gå i vegbana langs E39 til Vaage Karosseri. Her er farleg stor trafikk, så vi føler dette er risikosport. Det er og langt å gå i all slags ver.

Trafikken på denne strekninga aukar mykje for kvart år.


Det er langt fram til ny E39 står ferdig. Vi kan ikkje leve med denne farlege situasjonen i mange år framover.

Difor krev vi at strekninga Vikane –Eikanger bru blir oppjustert med gang-og sykkelsti, utkøyringsfelt og bru over vegen.

Det må også bli tilrettelagt slik at vi får busstoppet vårt tilbake.

Med helsing

  
Inger Marie Fyllingsnes.

  
Steinar Fyllingsnes

Kopi til Lindås kommune v/ordfører Astrid Aarhus Byrknes